



# KONTROLLUTVALET I AUKRA KOMMUNE

## MØTEPROTOKOLL

Møte nr:	3/18
Møtedato:	8.5.2018
Tid:	kl. 08.30 – kl. 14.00
Møtestad:	Kommunestyresalen, Aukra kommunehus
Sak nr:	13/18 – 17/18
Møteleiar:	Oddvar Hoksnes, leiar (Krf)
Møtande medlemmer:	Oddbjørg Sporsheim (V) Ole Rakvåg, nestleiar (H) Håkon Inge Sporsheim (Frp) Wilhelm Andersen (Ap)
Forfall:	Ingen
Ikkje møtt:	Ingen
Møtande vara:	Ingen
Frå sekretariatet:	Jane Anita Aspen, daglig leder
Frå revisjonen:	June B. Fostervold, rekneskapsrevisor (under sak 15/18 og 16/18) Ronny Rishaug, oppdragsansvarleg revisor (under sak 15/18 og 16/18)
Av øvrige møtte:	Ingrid Husøy Rimstad, rådmann Erna Varhaugvik, økonomisjef (under RS 15/18, OS 05/18, sak 15/18 og sak 16/18) Kjell Lode, fagleiar Plan (under OS 04/18) Aud Lisbeth Lillebostad, einingsleiar Innvandring og integrering (under sak 16/18) Jan Erik Hovdenak, kommunalsjef drift (under sak 16/18) Olav Akselvoll, havnedirektør Molde og Romsdal Havn IKS (OS 05/18) Dagrun K. Stakvik, økonomileder Molde Romsdal Havn IKS (OS 05/18)

Leiaren ønska velkommen og leia møtet.

Det framkom ingen merknader til innkalling og sakliste.

### TIL HANDSAMING:

UTV. SAKSNR.	TITTEL
PS 13/18	GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTE 15. MARS 2018
PS 14/18	REFERAT OG ORIENTERINGAR
PS 15/18	REKNESKAPSREVISJON. PRESENTASJON AV ÅRSOPPGJER 2017
PS 16/18	AUKRA KOMMUNE. ÅRSREKNESKAP FOR 2017
PS 17/18	OPPFØLGINGSLISTE

## Kontrollutvalet sitt vedtak

Protokollen frå møte 15. mars 2018 vert godkjend.

Til å signere protokollen vert valt:

1. Wilhelm Andersen
2. Håkon Inge Sporsheim

## Kontrollutvalet si handsaming

Wilhelm Andersen og Håkon Inge Sporsheim vert peika ut til å underskrive protokollen.

Kontrollutvalet fatta samråystes vedtak i samsvar med felles tilråding frå utvalet sine medlemmer (5 voterande)

## Kontrollutvalet sitt vedtak

Referat- og orienteringssakene vert teke til orientering.

## Kontrollutvalet si handsaming

### Referatsaker:

RS 12/18      **Kontrollutvalet – Årsmelding for 2017** – utskrift av protokoll frå kommunestyret sitt møte 13.3.2018 i k-sak 9/18.

RS 13/18      **Forvaltningsrevisjonsrapport «Offentlege anskaffelser i Aukra kommune»** – utskrift av protokoll frå kommunestyret sitt møte 17.4.2018 i k-sak 29/18.

RS 14/18      **Arbeidsmiljøutvalet**, møteinnkalling 25.4.2018 .

RS 15/18      **Rapportering finansforvaltning pr. 31.12.2017** – rådmannen sitt saksframlegg til kommunestyret 17.4.2018, sak 28/18.

Økonomisjefen opplyser at det blir foreslått å endre finansreglementet når det gjeld andel av lån med fastrente. Revidering av reglement skal etter planen opp i kommunestyret i juni.

### Orienteringssaker:

OS 04/18      **Skogrydding - Oppfølging av kommunestyrevedtak frå 2013**  
Utalet hadde bedt om å få ei orientering om korleis saka om skogrydding vert følgt opp. Fagleiar Plan, Kjell Lode, orienterte utvalet.

Lode opplyser at sitkagrana på Gossen har opphav i leplantingsprosjekt tilbake til 1960-talet. Målet var å skape le og forbetra klima for jordbruksdrift og busetnad. Plantinga var statleg organisert. Det vart inngått langsiktige leigekontraktar med grunneigarane som fekk leplanting på sin eigedom. I tillegg skjedde ein del planting av sitkagran i privat regi. Bindingstida for plantefelta er over, og forvaltinga skjer av den einskilde grunneigar og etter kommunal godkjennung for uttak av vernskog, jf. skoglova §12 og lokal forskrift. Alle leplantefelt i Aukra er definert som vernskog.

Lode opplyser at han ikkje har klart å finne vedtaket om vernskog i arkivet. Den lokale forskrifa er heller ikkje registrert i Norsk Lovtidende.

I 2011 vart det gjennomført eit registreringsarbeid av leplantefelta i Aukra kommune i regi av kommunen.

Treslaget er i dag «svartelista», og kan berre plantast etter særskilt løyve

Det er fleire omsyn som spelar inn i høve til å ta ned plantefelta:

- Leplantefelta er i privat eige,
- All uttak av verneskog skal godkjennast av kommunen.
- kommunen har ikkje skogfagleg kompetanse, så ein må leige inn slik kompetanse.
- Samlar effektivt CO<sub>2</sub>, og transpirerer mykje vatn
- Nauturen har endra seg etter leplantinga
- Fungerer som le
- Binding av erosjonsutsett jord
- Trea spreier seg fort
- Trea tar bort utsyn og skaper nærmast uggjennomtrengjelege barrierer
- Behov for vedlikehald av kanalsystem som vart grovne ved plantinga.

Fagsjef Plan, Kjell Lode, seier at bestillinga frå kommunestyret om plan for uttak av sitkagran i kommunestylesak 81/13 ikkje synes å ta omsyn til dei komplekse verknadane dette kan ha for naturmiljøet. Ein må grundig vurdere konsekvensane.

Rådmannen vil no i første omgang informere kommunestyret om stoda. Vidare skal kommunen sin energi, klima og miljøplan reviderast i løpet av 2018. Lode seier at det vil vere naturleg å kome inn på tema rundt forvaltning av leplantefelta i denne planen. Ein ønskjer å få tid til å lage eit godt plangrunnlag før ein set i gang uttak frå leplantefelta.

Rådmannen ser alvorlig på utfordringa, og saka har vore arbeidd med tidligare. Saka er kompleks og utfordrande når ein manglar skogkompetanse.

Fagsjef Plan, Kjell Lode svarte på spørsmål frå utvalet underveis i orienteringa.

OS 05/18

**Molde og Romsdal Havn IKS** – Utvalet hadde bedt om ei orientering frå administrativ leiing i selskapet. Dei som orienterte var Olav Akselvoll, havnedirektør og Dagrun K. Stakvik, økonomileder.

Det vart gjeve følgjande orientering.

- Generell informasjon om verksemda til selskapet
- Økonomien i selskapet
- Informasjon om forhold som særskilt er knytt til Aukra kommune.

Innleatingsvis gav havnedirektør Olav Akselvoll generell informasjon om selskapet og informerte om forhold særskilt knytt til Aukra kommune. Det er Havnerådet som er selskapet sitt øvste organ. Her er det ordførar Bernhard Riksfjord som representerer kommunen, han er også leiar av Havnerådet. Kommunane som er deltagar i selskapet er: Aukra, Molde, Fræna, Midsund, Nesset, Rauma og Vestnes. Aukra sin del i selskapet er 12%.

Akselvoll seier at når Havne- og farvannsloven kom, så opna den for meir forretningsverksemnd enn det tidlegare havnevesenet utførte.

Det er 12 år sidan selskapet vart etablert. Selskapet ser på området dei betener med berre ytre grenser, ein er ikkje opptatt av kommunegrensene.

Det er eit mål for Molde og Romsdal Havn IKS å legge til rette for gode transportløysingar for næringslivet.

Selskapet handsamar saker på vegne av kommunen etter havne- og farvannsloven. For eksempel søknader om moloar og flytebrygger.

Veksten i selskapet har gått ned, då ein tek inn mindre anløpsavgifer enn tidlegare.

Kanskje forsvinn denne avgifta heilt.

Kystverket har ansvar for forvaltning av hovud- og biledene. Det som er rundt desse er Molde og Romsdal Havn IKS sitt ansvar å forvalte. Tidlegare forvalta ein også oppdrettskonsesjonar, men dette er no statleg forvalta.  
Inntektene til selskapet kjem frå avgifter på bruk av farvatnet, noko anløpsavgifter og inntekter frå egedomsforvalting. Kommunane betalar ikkje tilskot til drifta.

Selskapet har ei omsetjing på 25. mill. kroner. Økonomi og kapasitet gjer at ein ikkje kan halde på med fleire store investeringar samstundes, men må ta dei etter tur. Så langt har store investeringar vore gjort i fiskerihamna i Harøysund, cruisehamna på Åndalsnes og administrasjonsbygg i Molde. Vestnes, Aukra og Midsund har så langt ikkje hatt investeringar, men det har vore brukt pengar på vedlikehald.

I Aukra kommune har Molde og Romsdal Havn IKS ansvar for Nautneset industrikkai og to fiskerkaiar på Nautneset. Tidlegare også kaia på Rindarøy, men den er no solgt. Det har også vore gjort noko vedlikehald i Røssøyvågen.

Utvalseiar Oddvar Hoksnes understrekar at det er behov for å auke djupna ved Nautneset Industrikai, noko havnedirektøren stadfestar.

Havnedirektør Olav Akselvoll oppmodar kommunane om å kome med innspel til selskapet.

Avslutningsvis orienterte økonomileiar Dagrun K. Stakvik om Molde og Romsdal Havn IKS sin årsrekneskap. Utvalet fekk utdelt Årsberetning 2017 med årsregnskap for Molde og Romsdal Havn IKS.

Aukra kommune har eit garantiansvar knytt til selskapet på vel 7 mill. kroner.

Olav Akselvoll og Dagrunn K. Stakvik svarte på spørsmål frå utvalet undervegs i orienteringa.

Kontrollutvalet fatta samråystes vedtak i samsvar med sekretariatet si tilråding. (5 voterande)

**PS 15/18**

**REKNESKAPSREVISJON. PRESENTASJON ÅRSOPPGJER 2017**

## **Kontrollutvalet sitt vedtak**

Kontrollutvalet tar revisjonen sin rapport frå årsoppgjeren 2017 til orientering.

Kontrollutvalet ber revisjonen melde tilbake til kontrollutvalet om etterhald, merknadar og forslag til forbeteringar blir følgt opp av administrasjonen.

## **Kontrollutvalet si handsaming**

Oppdragsansvarlig revisor, Ronny Rishaug, presenterte rapport frå årsoppgjeren 2017. Revisor gav ei oversikt over kva som er utført av arbeid, og funn knytt til oppfølgingspunkt frå revisjonen 2016, risikopunkt i plan for 2017 og nye oppfølgingspunkt.

Økonomisjef Erna Varhaugvik gav uttrykk for at ho var ueinig i konklusjonen om etterhaldet som revisjonen har gjort i revisjonsmeldinga. Varhaugvik seier at på det tidspunktet rekneskapen var avlagt så var det ei kvalifisert vurdering at dei ville få denne inntekta. Avslaget kom først etter at rekneskapen var avslutta.

Oppdragsansvarleg revisor Ronny Rishaug opplyser at revisjonen må vurdere alle opplysningar som er kjent på det tidspunktet revisjonen skal skrive si revisjonsmelding.

Kontrollutvalet fatta samråystes vedtak i samsvar med sekretariatet si tilråding. (5 voterande)

## Kontrollutvalet si fråsegn

Kontrollutvalet har i møte 8.5.2018, sak 16/18, handsama Aukra kommune sin årsrekneskap for 2017.

Grunnlaget for handsaminga har vore Årsrapport 2017 inkludert årsrekneskap, revisjonsmelding med etterhald, datert 30. april 2018. I tillegg har revisjonen og rådmann/økonomisjef supplert utvalet med munnleg informasjon om aktuelle problemstillingar.

Revisjonen skreiv også ei revisjonsmelding 12.4.2018 om at rådmannen ikkje hadde lagt fram ei fullstendig årsmelding innan fristen 31.3.2018.

Årsrekneskapen inneholder dei oppstillingane som lovkrava seier at rekneskapen skal innehalde.

Aukra kommune sitt driftsrekneskap for 2017 viser kr 276 735 000,- til fordeling til drift, og eit rekneskapsmessig mindreforbruk på kr 2 467 000,-. Etter revisjonen si vurdering burde det vore gjort ein reduksjon med kr 3 448 013,- på grunn av endeleg avslag på tilskot frå IMDI Integrerings og mangfolds direktoratet og kr 2 234 562,- grunna manglende dokumentasjon av innvilga tilskot. Dette ville medført at ein ville gått frå eit rekneskapsmessig mindreforbruk på kr 2 467 493,- til eit meirforbruk på kr 3 215 365,-.

Netto driftsresultat er positivt med kr 120 941 000,-. Med endringa beskrive over, så ville netto driftsresultat blitt kr 115 258 403,-.

Årets bruk av disposisjonsfond i driftsrekneskapen er på 5,2 mill. kroner. Disposisjonsfondet pr. 31.12.17 er på kr 411 845 613,-. Av dette utgjer Fond for Fastlandsloysing kr 324 738 639,-.

Nokre einingar har hatt mindreforbruk, og nokre einingar har hatt utfordringar med å halde budsjettet i 2017. Utvalet har særleg merka seg at Teknikk, eigedom og brann har eit stort meirforbruk. Det er gjort greie for avvika i rådmannen sin årsrapport. Einingane sine driftsrammer har i løpet av 2017 samla blitt vedteke auka med 23,9 mill. kroner. Rekneskapen viser til dømes at eininga Institusjon og buteneste har brukt 8,5 mill. meir enn opphavleg budsjett. Målet om å redusere kostnadsnivået kan synast utfordrande å nå.

Etter revisjonen si meining er årsrekneskapen, med unntak av verknaden av forholdet som er beskrive i revisjonsnes melding under avsnittet «Grunnlag for konklusjon med forbehold», avgjort i samsvar med lov og forskrifter. Årsrekneskapen gir i det alt vesentlege ein dekkande framstilling av den finansielle stilling per 31.12.2017, og av resultatet for rekneskapsåret.

Kontrollutvalet konstaterer at revisjonen har tatt eit etterhald i si revisjonsmelding. Utvalet vil følgje opp at rådmannen set i verk tiltak for å sikre naudsynt kvalitetssikring av informasjon frå einingane, slik at ein unngår forhold som tidlegare beskrive.

Utvalet vil også oppmøde om at eininga Innvandring og integrering, blir beskrive på ein meir utfyllande måte i årsrapport og tertialrapportar, med oversikt over kva ramme eininga rår over det einskilde år, og bruk av ramme.

Etter utvalet sin gjennomgang av årsmelding 2017 med rekneskap og revisor sin uttale, meiner kontrollutvalet at årsrekneskapen, med unntak av forholdet som revisjonen tek

etterhald om, gir eit forsvarleg uttrykk for resultatet av Aukra kommune si verksemd og for kommunen sin økonomiske stilling pr. 31.12.2017.

Kontrollutvalet rår til at kommunestyret godkjenner årsrekneskapen for Aukra kommune for 2017.

## **Kontrollutvalet si handsaming**

Rådmann Ingrid Husøy Rimstad, økonomisjef Erna Varhaugvik, einingsleiar for Innvandring og integrering Aud Lisbeth Lillebostad og kommunalsjef drift Jan Erik Hovdenak, var tilstades i møte under handsaminga. Dei gav kommentarar og svarte på spørsmål frå utvalet sine medlemmer. Det same gjorde oppdragsansvarleg revisor Ronny Rishaug og rekneskapsrevisor June B. Fostervold.

Innleiingsvis gjev sekretær utvalet merksam på at avsnittet som omtalar bruken av rådmannen sitt omstillings- og utviklingsfond, ikkje er knytt til eining Innvandring og integrering. Dette skuldas ei mistyding frå sekretariatet si side.

Rådmannen gav uttrykk for at ho reagerte på ordlyden i saksframleggget frå sekretariatet.

Utvæl diskterte om det skulle gjerast endringar i kontrollutvalet si fråsegn til årsrekneskapen.

Det vart korrigert nokre skrivefeil/datofeil, samstundes vart det foreslått følgjande korrigeringar:

Siste setning i sjuande avsnitt vart stryke og erstatta med:

*Målet om å redusere kostnadsnivået kan synast utfordrande å nå.*

Første setning i niande avsnitt vart stryke og erstatta med:

*Kontrollutvalet konstaterer at revisjonen har tatt eit etterhald i si revisjonsmelding.*

Kontrollutvalet fatta samrøystes vedtak i samsvar med felles forslag frå utvalet sine medlemmer (5 voterande)

## **Sekretariatet sitt forslag til fråsegn**

Kontrollutvalet har i møte 3.5.2018, sak 16/18, handsama Aukra kommune sin årsrekneskap for 2018.

Grunnlaget for handsaminga har vore Årsrapport 2017 inkludert årsrekneskap, revisjonsmelding med etterhald, datert 30. april 2018. I tillegg har revisjonen og rådmann/økonomisjef supplert utvalet med munnleg informasjon om aktuelle problemstillingar.

Revisjonen skreiv også ei revisjonsmelding 12.4.2018 om at rådmannen ikkje hadde lagt fram ei fullstendig årsmelding innan fristen 31.3.2018.

Årsrekneskapen inneholder dei oppstillingane som lovkrava seier at rekneskapen skal innehalde.

Aukra kommune sitt driftsrekneskap for 2017 viser kr 276 735 000,- til fordeling til drift, og eit rekneskapsmessig mindreforbruk på kr 2 467 000.-. Etter revisjonen si vurdering burde det vore gjort ein reduksjon med kr 3 448 013.- på grunn av endeleg avslag på tilskot frå IMDI

Integrerings og mangfolds direktoratet og kr 2 234 562.- grunna manglande dokumentasjon av innvilga tilskot. Dette ville medført at ein ville gått frå eit rekneskapsmessig mindreforbruk på kr 2 467 493.- til eit meirforbruk på kr 3 215 365.-.

Netto driftsresultat er positivt med kr 120 941 000.-. Med endringa beskrive over, så ville netto driftsresultat blitt kr 115 258 403.-.

Årets bruk av disposisjonsfond i driftsrekneskapen er på 5,2 mill. kroner. Disposisjonsfondet pr. 31.12.17 er på kr 411 845 613.-. Av dette utgjer Fond for Fastlandsloysing kr 324 738 639.-.

Nokre einingar har hatt mindreforbruk, og nokre einingar har hatt utfordringar med å halde budsjetten i 2017. Utvalet har særleg merka seg at Teknikk, eigedom og brann har eit stort meirforbruk. Det er gjort greie for avvika i rådmannen sin årsrapport. Einingane sine driftsrammer har i løpet av 2017 samla blitt vedteke auka med 23,9 mill. kroner. Rekneskapen viser til dømes at eininga Institusjon og buteneste har brukt 8,5 mill. meir enn opphavleg budsjett. Målet om å redusere kostnadsnivået med 8 % i løpet av 3 år, kan difor synast utfordrande å nå.

Etter revisjonen si meining er årsrekneskapen, med unntak av verknaden av forholdet som er beskrive i revisjonsnes melding under avsnittet «Grunnlag for konklusjon med forbehold», avlagd i samsvar med lov og forskrifter. Årsrekneskapen gir i det alt vesentlege ein dekkande framstilling av den finansielle stilling per 31.12.2017, og av resultatet for rekneskapsåret.

Kontrollutvalet ser alvorleg på forholdet revisjonen har avdekkja. Ut vil følgje opp at rådmannen set i verk tiltak for å sikre naudsynt kvalitetsikring av informasjon frå einingane, slik at ein unngår forhold som tidlegare beskrive.

Utvælt vil også oppmode om at eininga Innvandring og integrering, blir beskrive på ein meir utfyllande måte i årsrapport og tertialrapportar, med oversikt over kva ramme eininga rår over det einskilde år, og bruk av ramme.

Etter utvalet sin gjennomgang av årsmelding 2017 med rekneskap og revisor sin uttale, meiner kontrollutvalet at årsrekneskapen, med unntak av forholdet som revisjonen tek etterhald om, gir eit forsvarleg uttrykk for resultatet av Aukra kommune si verksemd og for kommunen sin økonomiske stilling pr. 31.12.2017.

Kontrollutvalet rår til at kommunestyret godkjenner årsrekneskapen for Aukra kommune for 2017.

PS 17/18	OPPFØLGINGSLISTE
----------	------------------

## Kontrollutvalet sitt vedtak

I oppfølgingslista vert det gjort følgjande endringar:

### **Revidering av gjeldande økonomireglement i Aukra kommune**

Eit økonomireglement skal beskrive hovudreglane for den økonomiske styringa av kommunen si verksemd. Reglementet bør klargjere ansvaret mellom det politiske og det administrative nivået i kommunen og beskrive kommunen sine interne reglar og fullmakter.

Økonomireglementet bør innehalde kommunen sine vedtak om økonomiplan, budsjett, rapportering, rekneskap og årsrapport. Økonomireglementet kan supplere delegeringsreglementet når det gjeld økonomisaker. Aukra kommune sitt økonomireglement er frå 2005 og vart revidert i desember 2009. Eit økonomireglement bør rullerast og oppdaterast jamleg.

**08.05.18:** Rådmannen opplyser at arbeidet er forseinka, men at reglementet truleg kjem opp til handsaming i kommunestyre i juni eller over sommaren.

### **Oppfølging av politiske vedtak**

Kontrollutvalet ønskjer å få framlagt oversikt over politiske vedtak som av ulike årsaker ikkje er vorte satt i verk innan rimeleg tid. Oversikta skal gjere greie for vedtak fatta av politiske utval med avgjerdsmynde. Hensikta med å få ei slik oppstilling er å sjå til at administrasjonen sett i verk og gjennomfører vedtak som er gjort. Kontrollutvalet har oppmoda om at ei slik oversikt vert lagt inn i tertialrapporteringa til kommunestyret, rådmannen har valt å ikkje følgje opp denne oppmodinga.

**08.05.18:** Utvalet fekk i møte utdelt oppdatert liste med status for vedtaksoppfølging. Utvalet ønskjer at det i merknadsfeltet vert gjeve konkret informasjon om status. Fagsjef plan, Kjell Lode, orienterte kontrollutvalet i dagens møte, jf. OS 04/18. Det blir no lagt fram sak for kommunestyret der det blir skissert vidare handtering av skogryddingssaka.

### **Barnevernstenester**

Barnevernstenesta er ei interkommunal teneste for Molde, Midsund, Aukra og Eide kommunar, med Molde kommune som vertskommune. Kontrollutvalet vart i møte 3.5.2017 gjort kjent med foreløpige KOSTRA-tal 2016, som viser at Aukra kommune har mange fristbrot. Det har også dei andre kommunane som er med i barnevernssamarbeidet. Sidan dette er 2016-tal, ønskjer kontrollutvalet ei oppdatering frå administrasjon om situasjonen når det gjeld barnevern.

Tertialrapport 1. tertial 2017 viser at behov for fleire barnevernstiltak fører til ei auke i utgifter på 3 742 000.- frå 4 038 000.- til 7 780000.-, dvs. nesten 100 % auke.

**08.05.18:** Rådmannen skal delta i årleg statusmøte med barnevernstenesta 1. juni. I møte vil ein m.a. ta opp KOSTRA-tala som viser at Aukra ligg dårligare enn anna vertskommunen. Rådmannen vil gje tilbakemelding til utvalet etter statusmøte.

### **Arbeidsmiljøutvalet (AMU)**

Kontrollutvalet har merka seg i Aukra kommune sin årsrapport for 2016 at AMU i 2016 ikkje hadde gjennomført møter. Etter arbeidsmiljølova skal kommunen ha eit slikt utval. Arbeidsmiljølova gjev reglar for kva type saker AMU skal behandle. På bakgrunn av dette ønskjer kontrollutvalet å følgje opp korleis arbeidet i arbeidsmiljøutvalet fungerer.

### **Grunnskoleområdet**

Kontrollutvalet fekk i 2016 framlagt tilsynsrapporten «Skolen sitt arbeid med elevane sitt utbytte av opplæringa, Aukra kommune – Gossen barne- og ungdomsskole» Tilsynet viste (3 avvik). Kontrollutvalet ønskjer årleg å få framlagt kommunen sin tilstandsrapport for grunnskoleområdet, for å følgje med på utvikling på området.

**08.05.18:** Tilstandsrapporten er no klar og vil bli lagt fram for kontrollutvalet i neste møte. Rådmannen informerer om at ho for neste år ønskjer å legge fram ein tilstandsrapport for heile oppvekstområdet.

### **Omstillingsprosessen i omsorgstenestene i Aukra kommune**

Fylkeslegen hadde i 2016 tilsyn og avdekt følgjande; Avvik 1: Aukra kommune sikrar ikkje at tilsette har nødvendig kunnskap om pasient- og brukerrettighetsloven kapittel 4A. Avvik 2: Aukra kommune sikrar ikkje at helsehjelp til pasientar i sjukeheim blir vurdert i tråd med reglane i pasient- og brukerrettighetsloven kapittel 4A. Tidlegare forvaltningsrevisjonsrapport «Kvalitet i sykehjemstjenster i Aukra kommune» avdekte også utfordringar med å sikre tilstrekkeleg bemanning og kompetanse ved Aukraheimen. I 2017 har det vore uro knytt til ny arbeidstidsordning ved Aukraheimen og i 2018 skal det nye omsorgssenteret takast i bruk. Utvalet ynskjer difor å følgje utviklinga.

**08.05.18:** Rådmannen opplyser at nye turnusar er på plass. Ein har fått på plass AMU for Institusjonstenestene og verneombod, men ein manglar framleis hovudtillitsvald for sjukepleiarane.

## **Informasjonssikkerheit**

Kontrollutvalet ønskjer å følgje temaet informasjonssikkerheit vidare, då dette generelt vert opplevd som eit risikoområde med det fokus som er på digitalisering i kommunane. Kommunen har etter at forvaltningsrevisjonsprosjekt på området vart gjennomført i 2015 utarbeidd rutinar og retningslinjer, som kontrollutvalet ønskjer å følgje opp at vert implementert i heile organisasjonen. Kommunane står og føre store utfordringar med innføring av ny personvernforordning (GDPR), som vil tre i kraft frå 25.05.18

**08.05.18:** Rådmannen opplyser at innføringa av GDPR er utsett til 01.07.2018.

## **Kontrollutvalet si handsaming**

Utvalet gjekk i gjennom sakene i oppfølgingslista.

Til dette møtet var det lagt opp til orientering frå administrasjonen knytt til følgjande sak oppfølgingslista:

- **Oppfølging av politiske vedtak**

Det vart ikkje satt fram forslag om å føre opp nye saker på oppfølgingslista.

Kontrollutvalet fatta samråystes vedtak i samsvar med felles forslag frå utvalet sine medlemmer (5 voterande)

## **Sekretariatet si tilråding til vedtak**

I oppfølgingslista vert det gjort følgjande endringar:

Oddvar Hoksnes  
leiar

Ole Rakvåg  
nestleiar

Oddbjørg Sporsheim

Håkon Inge Sporsheim

Wilhelm Andersen

Jane Anita Aspen  
sekretær